

Foreldrevurderingar og ny rammeplan

Brukarundersøkingar før og etter implementeringa av ny rammeplan for barnehagen

Håvard Thorsen Rydland

Dag Arne Christensen

Rapport 5-2021, NORCE Samfunn



Rapporttittel	Foreldrevurderingar og ny rammeplan: Brukarundersøkingar før og etter implementeringa av ny rammeplan for barnehagen
Prosjektnummer	101228
Institusjon	Norce Samfunn
Oppdragsgiver	Utdanningsdirektoratet
Gradering	Åpen
Rapportnr	5-2021
ISBN	978-82-8408-145-8 (pdf) 978-82-8408-146-5 (trykt)
Antall sider	38
Publiseringsmnd	April
CC-lisens	CC BY 4.0
Stikkord	Barnehagar, implementering, evaluering, brukartilfredsheit, samfunn

Sammendrag

Dette er ein undervegsrapport frå prosjektet «Evaluering av implementering av rammeplan for barnehagen». Rapporten er knytt til arbeidspakke 3: Forskjellar i kvalitet mellom barnehagar. Arbeidspakka er skal undersøka korleis foreldre vurderer kvaliteten på barnehagetilbodet – sentrale element i rammeplanen, føremål og innhald i barnehagen og samarbeid mellom foreldre og barnehage – før og etter implementeringa av den reviderte rammeplanen av 2017. Me nyttar Utdanningsdirektoratets foreldreundersøking koplå på barnehaganes statistikkinnrapportering frå åra 2016 til 2019.

Analysane våre stadfestar at foreldre til barn i norske barnehagar i gjennomsnitt er særst fornøgde med alle aspekt ved tenesta, også dei som ny rammeplan kan vera venta å påverka. Me finn ikkje støtte for å seia at implementeringa av rammeplanen representerer ei substansiell endring i tilfredsheit. Designet på denne studien gjer det også vanskeleg å trekka slutningar om årsaksforhold. Enkelte faktorar på kommune- og barnehagenivå – som kommunestorleik, (privat) eigarform og kostpengar – har statistisk signifikante samband med den totale tilfredsheit, men desse sambanda endrar seg ikkje substansielt etter implementeringa. Analyser av varianskomposisjonen syner også at delen variasjon i tilfredsheit som kan forklarast på kommune- og barnehagenivå, ligg stabilt over alle undersøkingsåra – før og etter implementeringa.

Forord

Denne undervegsrapporten er knytt til evalueringa av implementeringa av rammeplan for barnehagen. Prosjektet er gjeve i oppdrag frå Utdanningsdirektoratet til forskingsselskapet NORCE og er leia av Anne Homme, NORCE Samfunn og Universitetet i Bergen.

Opphavleg skulle rapporten nytta data frå Innbyggjarundersøkinga frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring til å undersøka foreldretilfredsheit med barnehagetilbodet før og etter implementeringa av ny rammeplan. Etter prosjektstart kom det fram at barnehagemodulen i denne undersøkinga ikkje vart gjennomført etter 2017, og me valde då å heller nytta Utdanningsdirektoratets foreldreundersøking. Å søka om nye data med dei nødvendige omsyna til personvern tok noko lengre tid enn venta, difor vert denne rapporten publisert separat frå hovuddelen av undervegsrapporten – som kom ut i februar 2021. Appendiks med vedlegg til denne rapporten vert tilgjengelig i elektronisk versjon på nettsida til prosjektet: <https://evarammeplan.norceprosjekt.no/>.

Me takkar Utdanningsdirektoratets sekretariat ved Camilla Vibe Lindgaard og forskingsavdeling ved Ida Erstad for praktisk bistand og godt samarbeid. Takk også til Conexus ved Jens-Petter Farnes for tilrettelegging av datamaterialet. Til slutt vil me takka programstyret til evalueringa, leia av Henrik Daae Zachrisson, som har kome med konstruktive kommentarar og innspel undervegs.

Innhald

1.	Innleiing	4
2.	Bakgrunn og tidlegare forskning.....	7
3.	Data og metode	10
3.1.	Data	10
3.1.1.	Variablar	10
3.2.	Metode.....	15
4.	Resultat.....	20
4.1.	Tilfredsheitsdimensjonar, bivariat analyse	20
4.2.	Total tilfredsheit, fleirnivåanalyse.....	21
5.	Diskusjon og oppsummering	34
6.	Referansar.....	36

1. Innleiing

Målsettinga med prosjektet *Evaluering av implementering av rammeplan for barnehagen* er å undersøka endringane som følgjer iverksettinga av ny rammeplan i barnehagesektoren. Konkret har prosjektet fire problemstillingar:

- A. Korleis tolkar sentrale aktørar måla og intensjonane i den reviderte rammeplanen, og korleis erfarer dei iverksettingsprosessen?
- B. Korleis arbeider aktørar på ulike nivå for å iverksette rammeplanen?
- C. Korleis arbeider sentrale aktørar og barnehagar for å inkludera og sikra dei samiske rettane som er inkludert i rammeplanen?
- D. Korleis sikrar og legg sentrale aktørar til rette for barns overgangar til barnehagen, internt i barnehagen og frå barnehagen til skulen?

Denne undervegsrapporten er knytt til arbeidspakke 3: Forskjellar i kvalitet mellom barnehagar. Arbeidspakka er knytt til problemstilling A, om tolkingane til sentrale aktørar. Dei konkrete forskingsspørsmåla er:

- Korleis vurderer foreldre kvaliteten til barnehagetilbodet før og etter implementeringa av den reviderte rammeplanen?
- Korleis vurderer foreldre kvaliteten på sentrale element i rammeplanen, føremål og innhald i barnehagen og samarbeid mellom foreldre og barnehage før og etter implementeringa av den reviderte rammeplanen?

Vidare er arbeidspakka knytt til problemstilling B, om arbeidet til aktørar på ulike nivå, gjennom forskingsspørsmåla:

- Korleis vurderer foreldre kvaliteten til barnehagetilbodet avhengig av kommunale strategiar for implementeringa av rammeplanen?
- Korleis vurderer foreldre kvaliteten på sentrale element i rammeplanen, føremål og innhald i barnehagen og samarbeid mellom foreldre og barnehage avhengig av offentleg eller privat eigarskap?

På eitt plan handlar foreldrevurderingar om at brukarane av ei velferdsteneste skal få gje tilbakemelding om element dei er meir eller mindre fornøgd med; det er ei måling av målgruppeåtfærd. Samstundes er desse vurderingane også komponentar i den erfarte læreplanen som vert til i interaksjonen mellom foreldra, barna og dei tilsette. Den første tolkinga – om foreldrevurderingar som målgruppeåtfærd – koplar seg på forskning på brukarvurderingar av velferdstenester, medan den andre tolkinga støyr seg på litteratur om implementering av offentleg politikk. Me skal seinare gå nærare inn på det tvitydige sambandet mellom foreldrevurderingar og kvalitet, men det er i alle høve relevant å sjå desse erfaringane jamført med erfaringane som andre aktørar har gjeve uttrykk for i andre arbeidspakkar. I ein undervegsrapport frå dei fem andre arbeidspakkane i prosjektet kan me mellom anna lesa at rammeplanen er breitt forankra i sektoren, at rammeplanen har nådd ut til alle tilsette, og at han vert nytta som både styringsdokument og legitimering av eksisterande praksis (Homme, Danielsen & Ludvigsen, 2020). Funna frå desse arbeidspakkane – som har nytta spørjeundersøkingar til barnehageeigarar og -styrarar og casestudier av implementeringsprosessen og den pedagogiske praksisen i barnehagane – skal me freista kopla til våre egne funn gjennom rapporten.

Me svarar på forskingsspørsmåla ved å bruka Foreldreundersøkinga i barnehage (FUBA) frå Utdanningsdirektoratet (Udir) kopla med data på barnehagenivå frå Barnehaganes innrapporteringsløyning (BASIL). FUBA er ei repetert tversnittundersøking med datapunkt før og etter implementeringa av ny rammeplan, medan BASIL er eit paneldatasett som gjev oss informasjon om ei rekkje forhold ved norske barnehagar kvart år mellom 2016 og 2019. Desse to datakjeldene kan koplast på institusjonsnivå (via barnehagens organisasjonsnummer), og det vert dimed mogeleg å analysa 1) utviklinga av foreldrevurderingar over tid og 2) kva for samband vurderingane har med ulike faktorar på barnehage- og kommunenivå. Samla er dette eit rikt datamateriale som gjer det mogeleg å samanlikna mange ulike dimensjonar av tilfredsheit og sambanda dei har med variablar på barnehage- og kommunenivå.

I rapporten nyttar me bivariate, multivariate og fleirnivåregresjonar for å undersøka sambandet mellom implementeringa av rammeplanen og foreldretilfredsheit. Me begynner med nokre meir generelle refleksjonar kring brukartilfredsheit som kvalitetsmål. I metodekapittelet skildrar me utvalet, variablane og den metodiske tilnærminga. I gjennomgangen av variablane presenterer me kort tidlegare forskning på tilfredsheit i norske barnehagar. Deretter presenterer me resultatata frå analysane våre, summerer opp og reflekterer over funna.

Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ, tidlegare Direktoratet for forvaltning og IKT, Difi) har i fem rundar gjennomført ei innbyggjarundersøking, fire av rundane inkluderte ein del som var spesifikt retta mot brukarar av barnehagetenesta. Rapportane som Difi/DFØ publiserer basert på Innbyggjarundersøkinga, syner at barnehage er mellom tenestene som innbyggjarane er mest tilfredse med, og at desse haldningane er stabile mellom undersøkingane. Rundane av Innbyggjarundersøkinga som inkluderte ein brukardel for barnehagar, synte at barnehagar kvart år har hatt høgare tilfredsheit og tillit enn andre utdanningsinstitusjonar som grunnskule, vidaregåande skule, høgskule og universitet og omsorgstenester som sjukeheim og heimehjelp. Opningstider, dei tilsette i barnehagane, ventetid på telefon og e-post, og avstand mellom teneste og heim var mellom faktorane som barnehagane skåra spesielt høgt på samanlikna med andre tenester (Direktoratet for forvaltning og IKT, 2017).

Udirs egne rapportar frå Foreldreundersøkinga syner også jamt over høg tilfredsheit mellom foreldre; under to prosent er ganske eller svært misfornøgde med barnehagen totalt sett. Trivsel, tryggleik og utvikling er mellom områda som skårar høgast, medan hovudområda informasjon og medverknad i tillegg til område som heng saman med rammevilkåra til barnehagen, som lokale, leiker og utstyr, mattilbod og bemanning, skårar noko lågare. Private barnehagar syner litt høgare tilfredsheit enn dei kommunale, spesielt på spørsmål som gjeld mattilbod, leiker og utstyr (Utdanningsdirektoratet, 2019).

Tendensane frå desse statistikkrapporteringane vert også støtta av forskning på feltet: Trætteberg og Fladmoe (2020), Lindén m. fl. (2017), Christensen og Lindén (2017), Christensen og Midtbø (2017) og Monkerud og Sørensen (2010) syner alle at barnehagetilfredsheita er særskild høg, og at det i enkelte tilfelle er små, signifikante skilnader i favør private barnehagar. Me skal seinare sjå korleis fleire av desse publikasjonane også fann andre faktorar som forklarte variasjonen i tilfredsheit.

Analysane våre stadfestar at foreldre til barn i norske barnehagar i gjennomsnitt er særskild fornøgde med alle aspekt ved tenesta, og me finn ikkje støtte for å seie at implementeringa av rammeplanen frå 2017 representerer ei substansiell endring i tilfredsheit. Designet på denne studien gjer det også vanskeleg å trekka slutningar om årsaksforhold; når me skriv om endringar

etter implementeringa, må dette implisera endringar *etter tidspunktet for implementeringa* – datamaterialet gjev oss ikkje høve til å tolka ein kausal effekt av den nye rammeplanen. Me finn at enkelte faktorar på kommune- og barnehagenivå – som kommunestorleik, (privat) eigarform og kostpengar – har signifikante samband med den totale tilfredsheita, men at det ikkje er store skilnader på desse sambanda før og etter implementeringa. Analyser av varianskomposisjonen syner då også at delen variasjon i tilfredsheit som kan forklarast på kommune- og barnehagenivå, ligg stabilt over alle undersøkingsåra – før og etter implementeringa.

2. Bakgrunn og tidlegare forskning

Organiseringa og leveringa av offentlege tenester har dei siste tiåra gått gjennom ei utvikling prega av mellom anna desentralisering og valfridom, der innbyggjarane i større grad vert sett på som brukarar eller kundar, noko som igjen har auka viktigheita av at dei er tilfredse med tenestene (Walle, 2018). Dette har vore følgt av ei utvikling innan tenesteevalueringar frå «harde» ressurs- og utfallsorienterte indikatorar til «mjuke» tilfredsheit- og tillitsindikatorar (Bouckaert & Walle, 2003). Tilfredsheit med tenester kan verta enkelt uttrykt som ein numerisk variabel i kvantitative analysar, men samstundes romma fleire dimensjonar, som forventingar, erfaringar og meir generelle haldningar. Desse dimensjonane kan i ulik grad korrelere med meir objektive mål på kvalitet (Jensen, 2016). Den såkalla Expectation-Disconfirmation-modellen (EDM), som legg vekt på korleis forventingar spelar ei rolle i slike vurderingar, har vore mykje nytta i studiar av brukartilfredsheit. Stadfesting og brot med forventingar til tenesta vil då føra til høvesvis høgare og lågare tilfredsheit (Andersen & Hjortskov, 2016). Vidare har Walle (2018) peika på korleis både erfaringar knytt til *prosessen* (t.d. om søkeprosessen er forståeleg, om ein får tilstrekkeleg informasjon frå kontakten barnehagepersonellet i det daglege) og til *resultatet* (t.d. om barnehagen «leverer» etter føremål og funksjon, med omsyn til mellom anna omsorg og opplæring) kan vera innbakt i den totale vurderinga av tilfredsheit. Andre utfordringar knyter seg til at brukarar og ikkje-brukarar av tenester kan ha ulik grad av tilfredsheit, og at den overordna tilfredsheita med offentlege tenester ofte er lågare enn tilfredsheita med spesifikke tenester og tenesteaspekt (Lindén m. fl., 2017). Enkelte studiar har synt eit samanfall mellom brukartilfredsheit og meir objektive kvalitetsindikatorar, medan andre har synt at samanhangen mellom tenestekvalitet, forventingar og tilfredsheit er inkonsistent (Andersen & Hjortskov, 2016; Charbonneau & Van Ryzin, 2012).

Brukarvurderingar av barnehagar kan også vera problematiske fordi det er foreldre og føresette, og ikkje barna sjølve, som får uttrykka seg i undersøkingane. Dei kan i det daglege ha avgrensa førstehandsinnsyn i arbeidet i ein barnehage utover hente- og leveringssituasjonar. Det kan såleis argumenterast for at foreldretilfredsheit er eit mål på brukarsørvis heller enn på pedagogisk praksis. Brukarundersøkingar er med andre ord ikkje eit eintydig mål på tenestekvalitet. Larsen og Slåtten (2020) skil mellom tre føremål for foreldreundersøkingar: medverknad, kvalitet og styring. Det første føremålet er knytt til ein *demokratilogikk* kor borgarane, eventuelt brukarane, har rett til å påverka avgjerder som får konsekvensar for tenestene dei nyttar. Det andre føremålet kan knytast til ein *marknadslogikk* kor open og gjennomsiktig konkurranse mellom barnehagar, med foreldretilfredsheit som eit tilbakemeldingsverktøy, bidreg til auka kvalitet. Det tredje føremålet følgjer ein *styringslogikk*; foreldreundersøkingar fungerer her som verktøy for resultat- og målstyring frå barnehageeigarar. Med utgangspunkt i desse logikkane undersøkte Larsen og Slåtten (2020) haldningane til barnehagestyrarar overfor foreldreundersøkingar. Dei fann at alle tre logikkane var verksame når styrarane grunn gav og legitimerte foreldreundersøkingane. Styrarane framheva viktigheita av undersøkingane for enkelte delar av barnehagepraksisen, og at dei vidare var spesielt positive til å bruka undersøkingane til pedagogisk kvalitetsheving, men skeptiske til effekten av open offentleggjering av resultatata (Larsen & Slåtten, 2020).

Publisering av resultat frå foreldreundersøkinga har også vore følgt av debatt mellom ulike aktørar i barnehagesektoren. Enkelte av dei har vore kritiske til brukarundersøkingar som kvalitetsmål og peika på korleis offentleggjeringa av foreldrevurderingar i større grad vert nytta til marknadsføring og politisk styring enn til pedagogisk utviklingsarbeid (Johansen, 2020). Her vert også dimensjonen

privat-offentleg teke opp, då private barnehagar kan ha større handlingsrom til å gjera små endringar i tenesta si, til dømes gjennom mattilbodet, og dimed i større grad tilpassa seg slike undersøkingar (Trætteberg & Fladmoe, 2020). Samstundes er det verdt å nemna at sjølv om foreldre formelt har fridom i val av barnehage, varierer forholdet mellom tilbod og etterspurnad av barnehageplassar mellom kommunar; den reelle valfridomen kan difor i mange tilfelle vera avgrensa. Frå ein demokratilogikk kan dimed brukarundersøkingar vera ein av få kanalar kor foreldre kan uttrykkja tilfredsheit eller misnøye: ein moglegheit for «voice» dersom «exit» er utelukka (jf. Hirschman, 1970). Datamaterialet vårt syner at norske kommunar i snitt har ca. 14 barnehagar, men at om lag halvparten av kommunane har fem eller færre barnehagar, noko som indikerer at valfridomen er ujamt fordelt.

Eitt av dei overordna måla ved Rammeplanen av 2017 var å jamna ut kvaliteten på det norske barnehagetilbodet (Utdanningsdirektoratet, 2017; Homme, Danielsen & Ludvigsen, 2020). Frå teorien om tenestetilgjengelegheit kan me trekka ut at brukarar av velferdstenester må passera barrierar eller tersklar for å (fullt ut) nytta tenestene (Schaffer & Wen-hsien, 1975). Desse tersklane kan krevja kunnskap og forståing av reglar, rettar og funksjonar i forvaltninga (Christensen & Lindén, 2017). Dimed kan trekk ved tenesta, og ved brukaren, påverka den opplevde tilgjengelegheita og vidare tilfredsheita. Frå eit tilgjengelegheitsperspektiv kan me tolka implementeringa av rammeplanen som ein innsats for å bygga ned barrierane til barnehagetenesta, og gjera faktorar ved kommune, barnehage og den enkelte familie mindre viktig for kvaliteten på tilbodet. For våre analysar kan ein potensiell konsekvens av denne utjamninga vera at variasjonen i tilfredsheit på kommune- og barnehagenivå vert mindre etter 2017.

I evalueringa av implementeringa av rammeplanen i norske barnehagar er brukartilfredsheit eitt av fleire mål. Foreldre er ein av fleire aktørar i barnehagefeltet; kunnskap om kvalitetsvurderingane deira før og etter implementeringa kan syna fram éi erfaring av iverksettingsprosessen. Foreldreutvalet for barnehage var også ein av aktørane i utforminga og implementeringa av rammeplanen. Foreldreerfaringane kan vidare sjåast i samanheng med vurderingane til andre sentrale aktørar. Spørsmåla om *medverknad* og *overgangar* i Foreldreundersøkinga skil seg ut som spesielt relevante å undersøka for endring etter implementeringa av rammeplanen, sidan dette vart trekt fram av Foreldreutvalet som to spesielt viktige element ved den nye rammeplanen (Homme, Danielsen & Ludvigsen, 2020).

Også den førre evalueringa av implementeringa av rammeplanen inkluderte eit ei spørjeundersøking med foreldreperspektiv. Av 1500 spurte foreldre rapporterte 81 % kjennskap til ein nasjonal rammeplan, men 59 % av desse oppgav å kjenna planen dårleg eller svært dårleg. På spørsmål om deltaking i planlegging av innhald og aktivitetar i barnehagen, svarte 71 % at dei har delteke lite eller svært lite (Østrem m. fl., 2009). Direkte spørsmål om kjennskap til rammeplanen og underordna delar er ikkje inkludert i våre data. På den eine sida kan dette gjera at me sjølv må «strekka» i variablane frå undersøkingane for å setja dei i samband med element frå rammeplanen. På den andre sida kan resultatata frå den førre evalueringa indikera at endringane som ein ny rammeplan medfører, ikkje naudsynleg er best fanga opp gjennom direkte spørsmål. Gjennom Foreldreundersøkinga får me informasjon om foreldrevurderingar *før og etter* implementeringa av rammeplanen som vidare kan koplast med kvalitetsindikatorar og andre data på kommune- og barnehagenivå og gje oss eit relativt samansett bilete av faktorene som påverkar foreldretilfredsheit og korleis desse endrar seg etter implementeringa av rammeplanen.

Til slutt: Ulike aktører kan leggja vekt på ulike aspekt når dei skal vurderer barnehagekvalitet. Eit døme på dette er når Wolf (2018) har samanlikna haldningar til kvalitet i norske barnehagar mellom foreldre og barnehagetilsette. Funna indikerte at foreldre i større grad enn tilsette trekte fram læring og arbeid med tal og bokstavar som viktig for kvaliteten i ein barnehage.

Kva kan me då forventa av analysane våre? Norske foreldre er svært fornøgde med barnehagane til barna sine. I teorien kan me tenka oss at ein ny rammeplan på éi side fører til heva kvalitet på det pedagogiske tilbodet og vidare høgare tilfredsheit, og på ei anna side føra til ei uforholdsmessig auke i forventingane og dimed ei nedgang i tilfredsheit. I alle høve er det vanskeleg å sjå føre seg at ein ny rammeplan åleine representerer ei så radikal endring av tenesta at tilfredsheita blir substansielt påverka, spesielt sidan me studerer låg variasjon av særst høg tilfredsheit. Då kan utjamning vera eit viktigare stikkord; tydelegare krav og føringar i ny rammeplan kan medføra større grad av likskap i tilbodet og dimed mindre forskjellar i tilfredsheit på tvers av relevante barnehage- og kommunevariablar.

3. Data og metode

3.1. Data

Foreldreundersøkinga i barnehage (FUBA) er ei spørjeundersøking som Udir har gjennomført årleg sidan 2016. Det er frivillig for kommunar og barnehagar å delta i FUBA, og ho kan difor ikkje reknast som representativ på same måte som undersøkingar som trekk eit sannsynsutval frå ein populasjon. Samstundes kan undersøkinga syna til høge gjennomføringstal, og svarprosenten – altså kor stor del av dei som får undersøkinga, som faktisk svarar – har lege på om lag 70 % i alle undersøkingsåra (Utdanningsdirektoratet, 2020). I den deskriptive statistikken i tabell 2a har me summert opp talet på registrerte barnehagebarn i BASIL og talet på foreldrerrespondentar i FUBA. Denne veldig enkle utrekninga syner at om lag 40 % av alle norske barnehagebarn er representert i foreldreundersøkinga, med ei auke på ca. 15 prosentpoeng frå 2016 til 2019. Tabellane A.2a til A.2h i appendiks¹ syner fordelinga på barnehage- og kommunevariablane i analyseutvalet (dei barnehagane som har delteke i FUBA) og populasjonen (alle barnehagane som er registrert i BASIL). Her ser me til dømes at små barnehagar er underrepresentert med ca. ti prosentpoeng i 2016. Ein kjikvadrattest samanliknar den observerte fordelinga med den fordelinga me kunne ha forventa dersom forskjellane mellom utval og populasjon hadde vore tilfeldig. Når me testar utval mot populasjon, finn me at fordelinga på storleik, del minoritetsspråklege barn og eigarform med 95 % sikkerheit i alle undersøkingsåra er ulik mellom utvalet og populasjonen, medan det for dei andre barnehagevariablane er signifikante forskjellar i enkelte år. Fråfallanalysar to av åra (2017 og 2019) syner at barnehagar frå Oslo og med privat eigarform (i 2017) er overrepresentert samanlikna med populasjonen, men effekten på tilfredsheit er liten (Opinion, 2018; Utdanningsdirektoratet, 2020). Kombinert med storleiken på utvalet og den høge svarprosenten gjev dette oss grunn til å tru at Foreldreundersøkinga er representativ for norske barnehageforeldre og kan nyttast som eit valid mål på tilfredsheita deira med barnehagetilbodet.

3.1.1. Variablar

I dei bivariate analysane var me interesserte i korleis foreldretilfredsheita med ei rekkje felt utvikla seg før og etter implementeringa av den nye rammeplanen. Den uavhengige variabelen i alle analysane var ein reform-dummy: Foreldreundersøkinga har vorte gjennomført i november kvart år sidan 2016, så her er den første runden gjennomført før implementeringa. 2016 vert då referansekategori, medan 2017, 2018 og 2019 vert rekna som etter implementering. Rammeplanen vart formelt implementert i august 2017, og det kan her stillast spørsmål ved om alle barnehagar har endra praksis før foreldreundersøkinga som vart gjennomført i november same år. I tillegg kan me ikkje karakterisera ein ny rammeplan som ei tydeleg lovending med direkte konsekvensar for brukaranes åtfærd og opplevingar av tenesta. Idear og praksisar informert av den nye rammeplanen kan dimed ha blitt implementert i norske barnehagar – og vidare påverka foreldretilfredsheita – på ulike tidspunkt mellom 2016 og 2019. Me kan heller ikkje utelukka at andre reformar og endringar, som til dømes den nye bemanningsnorma av 2018, også kan ha verka inn på tilfredsheita i dette tidsspennet. For å koma dette (delvis) i møte har me difor gjennomført ekstraanalysar kor me definerer 2017 og 2018 som innfasingsår for rammeplanen og

¹ Elektronisk appendiks tilgjengeleg på evarammeplan.norceprosjekt.no

berre samanliknar 2016 med 2019. Desse analysane skilde seg i liten grad frå dei som inkluderte 2017 og 2018 (sjå appendiks, tabellar A3–A.13).

Til desse analysane har me vald ut seks avhengige variablar, først ei rekkje utsegn som foreldra skal seia seg einig eller ueinig i på ein fem-punkts Likert-skala.

- Eg har inntrykk av at barnehagen legg til rette for allsidig leik og aktivitetar
- Eg har inntrykk av at barnehagen bidrar til mitt barns sosiale utvikling (vennskap, empati, visa omsyn)
- Eg har inntrykk av at barnet mitt får vera med på å påverka innhaldet i barnehagedagen
- Barnehagen jobbar for å sikra medverknad frå foreldra

Vidare skal også foreldra vurdere på ein fem-punkts skala kor fornøgde dei er med ulike aspekt ved barnehagetilbodet:

- Korleis barnehagen forbereder barnet til skulestart (berre spurt dersom barnet skal begynna på skulen til hausten)
- Korleis barnet vart teken vare på i tilvenningsperioden (berre spurt dersom barnet har begynt i barnehage for første gong eller bytt avdeling/base i løpet av det siste året)

Desse variablane meiner me at skal måla fleire dimensjonar som er relevante for rammeplanen av 2017, og det er dimes rimeleg å rekna med at dei kan bli påverka av implementeringa.

Rammeplanen nemner allsidig leik og aktivitet som grunnlag for utvikling som ein del av føremålet med barnehagen (side 19), det same gjeld barnehagen som arena for sosial utvikling (side 22). Medverknad frå barn og foreldre og overgangar (til, i og frå barnehagen) er også sentrale punkt (side 27–34). Respondentane i styrar- og kommuneundersøkingane trekker også fram desse felte som viktige i implementeringsarbeidet (Homme, Danielsen & Ludvigsen, 2020). Me har i tillegg gjort enkelte analysar av variablar som ikkje har ein tydeleg relasjon til rammeplanen – tilfredsheit med barnehagens lokale, hygiene, uteareal, leiker og utstyr – for å undersøka om endringane i foreldrevurderingane følgjer eit mønster uavhengig av implementeringa av rammeplanen.

I analysane fjernar me respondentar som svarar «Veit ikkje» frå analyseutvalet og standardiserer skalaen til å variere mellom 0 og 100. Deskriptiv statistikk for desse variablane er i tabell 1. Figur 1 framstiller regresjonskoeffisientane for tilfredsheitsvariablane grafisk. Tabell A.1 i appendiks syner ustandardiserte regresjonskoeffisientar, standardfeil, konstantledd og utvalsstorleik (N). I denne tabellen representerer regresjonskoeffisienten «Etter implementering» skilnaden i prosentpoeng før og etter implementeringa av rammeplanen i 2017, standardfeilen fortel om feilmarginen til estimatet og konstantleddet er i praksis her den estimerte gjennomsnittlege tilfredsheit i 2016 før implementeringa.

I tillegg skal me nytta ein variabel som måler total tilfredsheit med barnehagen i multivariate analysar. Her ser me på korleis ulike trekk ved barnehagane påverkar foreldretilfredsheit før og etter reforma. Desse analysane er gjort mogeleg ved å koplå på eit register frå barnehaganes statistikk-innrapporteringsløyising BASIL, kor alle barnehagestyrarane i landet og barnehageansvarlege i alle kommunar rapporterer inn barnehagens «vitale mål». Basert på tidlegare forskning har me vald ut barnehage- og kommunevariablar som kan ha samband med tilfredsheit, og me er spesielt interesserte i om den eventuelle korrelasjonen mellom desse variablane og tilfredsheit vert større eller mindre etter implementeringa – altså om rammeplanen lukkast i å utjamna forskjellar.

Den første variabelen er barnehagens storleik, målt i talet på barn, kategorisert til *liten* dersom barnehagen har under 40 barn, *mellomstor* dersom han har mellom 40 og 80 barn og *stor* dersom han har over 80 barn. Me støtter oss her på inndelinga til Gjerustad m fl. (2020), som fann at i foreldre til barn i små barnehagar i enkelte tilfelle var meir tilfredse enn foreldre til barn i store barnehagar. Store barnehagar kan på éi side ha fleire ressursar tilgjengeleg for å endra praksis i tråd med ny rammeplan; på ei anna side kan dei vera meir tungroddede og komplekse organisasjonar kor vedtekne endringar har vanskelegare for å «nå ut» til alle avdelingar og tilsette.

Delen minoritetsspråklege barn (barn med anna morsmål enn norsk, samisk, svensk, dansk og engelsk) er dikotomisert til *under* og *over 11 prosent*. Gjerustad m.fl (2020) fann at foreldre i barnehagar med under 11 prosent minoritetsspråklege barn var meir fornøgde med aspekt som språkutvikling og sosial utvikling. Her er mekanismane mindre klare. På ei side kan stort språkleg mangfald mellom barna vera utfordrande for dei tilsette, og det pedagogiske tilbodet og vidare tilfredsheita kan verta lidande. På ei anna side kan det vera snakk om ein spuriøs samanheng, kor prosentdelen minoritetsspråklege fangar opp andre trekk ved barnehagen og foreldra som kan påverka tilfredsheita, som til dømes levekårsutfordringar i barnehagens nedslagsfelt.

Variabelen for barnehagens profil samanliknar det å ha ingen profil (referansekategori) med dei følgjande underkategoriene: *Gards-, miljø- eller friluftsbarnhage; Steiner-, Montessori- eller Reggio Emilia-barnhage; Trus- eller livssynsbarnhage; Språkbarnehage; Kultur-, musikk eller kunstbarnehage; Idrettsbarnehage* og barnhage med *Annan profil*. Gjerustad m. fl. (2020) fann her at foreldre med barn i Steinerbarnehagar, Montessoribarnehagar og gardsbarnehagar var dei mest tilfredse. Her kan me tenka oss at å aktivt velja ein barnhage med ein spesiell profil indikerer foreldre med engasjement og bestemte preferansar for barnehagen til barna sine – foreldre som dimed stiller høge krav til tilbodet. Samstundes er det langt frå sikkert at barnehagens profil er like utslagsgjevande i alle foreldre sitt val av barnhage, og at andre faktorar, som ledig plass og nærleik til heim eller arbeid, spelar ei minst like stor rolle.

Barnehagens eigarform vart kategorisert som *aksjeselskap, stifting, samvirkeføretak, enkeltpersonføretak, kommunal eigar* eller *annan eigarform*. Her fann Gjerustad m. fl. (2020) små skilnadar, men at dei kommunale barnehagane hadde dei minst fornøgde foreldra. Tilsvarende tendensar vart funne av Christensen og Lindén (2017) og Lindén m. fl (2017), medan Trætteberg og Fladmoe (2020) fann at ideelle barnehagar i Oslo hadde dei mest fornøgde foreldra. Sjølv om styrarundersøkinga i den første undervegsrapporten frå dette prosjektet ikkje fann store skilnader i implementeringsarbeidet mellom offentlege og private barnehagar, kan ein sjå føre seg at offentlege barnehagar er tettare kopla til politiske myndigheiter og vedtak, og at dei dimed meir «lojalt» endrar praksis i tråd med ny rammeplan, med følgjande endringar i opplevd tilbod (Homme, Danielsen & Ludvigsen, 2020).

Barnehagens organisering er kategorisert som *avdelingsbarnehage, avdelingsfri basebarnehage* eller at *barnehagen består av éi avdeling*. Bratterud m. fl. (2012) har funne tendensar til at foreldre ved avdelingsbarnehagar har meir positive vurderingar av barnehagekvaliteten enn foreldre ved basebarnehagar. Børhaug og Lotsberg (2012) har funne trekk ved dei baseorganiserte barnehagane som peikar mot ein meir innovativ organisasjonskultur, og som potensielt kan medføra at pedagogisk praksis og foreldretilfredsheit i større grad er utsett for endring. Merk at for denne variabelen mangla enkelte verdiar samanlikna med dei andre barnehagevariablane.

Barnehagens opningstid er dikotomisert til *under og over 10 timar*. Inndelinga følgjer Jensen (2016), som fann at kommunar med barnehagar med lang opningstid hadde meir tilfredse foreldre. Opningstida er ein av faktorane ved barnehagekvardagen som foreldre mest aktivt må ta omsyn til, og lange opningstider kan av foreldre opplevast som fleksibilitet i tenesta og dimed påverka tilfredsheita positivt.

Kostpengar er kategorisert til *200 kr eller mindre, mellom 200 og 400 kr og 400 kr eller meir*. Denne variabelen kan indikera om barnehagen lagar til og serverer mat eller om dette ansvaret ligg hos foreldra. Trættestad og Fladmoe (2020) fann at kostpengar var ei viktig mellomliggende forklaring for skilnaden i tilfredsheit mellom offentlege og private barnehagar, med ei lett kurvelineær samanheng: tilfredsheita var høgast hjå foreldre i barnehagar med mellomstore kostpengekrav. Ei føreslått tolking er at låge kostpengar indikerer låg kvalitet på maten, medan høge kostpengar aukar forventingane til over det ein barnehage kan levera.

Me inkluderer også to variablar som måler samansettinga av tilsette i barnehagen: Bemanning er rekna som talet på barn delt på barnehagens totale årsverk og dikotomisert til *under og over 4 barn per årsverk*. Prosentdelen tilsette med barnehagelæruddanning er dikotomisert til *under og over 30 prosent*. Høgare tettleik av kompetente vaksne kan på éi side vera venta å ha eit positivt samband med både det praktiske og pedagogiske tilbodet i barnehagen, og vidare verta reflektert i foreldrevurderingane. På ei anna side kan erfaringar frå innføringa av bemanningsnorma, og spesielt pedagognorma, nyansera biletet: Barnehagar kan auka tettleiken av både pedagogar og andre yrkesgrupper, med potensielt ulike samband til foreldretilfredsheit. Til dømes har Eide og Homme (2019) synt at auka pedagogtettleik på éi side kan innebera ei kompetanse- og kvalitetsheving; på ei anna side kan det innebera at ein større del av dei tilsette har tid sett av til planleggings- og utviklingsarbeid. Talet på vaksne med pedagogutdanning som er saman med ungane, kan dimed minka med auka pedagogtettleik – kanskje spesielt i situasjonane som er grunnlaget for foreldrevurderingane. Dersom barnehagane vel å løysa dette ved å prioritera ned planleggingstida til pedagogane, kan resultatet vera at dei får mindre tid til å planlegga implementeringa av rammeplanen.

I tillegg inkluderer me to variablar som varierer på kommunenivå. Variansanalysen i tabell 4 syner at faktorar på kommunenivå spelar ei beskjeden rolle for foreldrevurderingane, men mykje tidlegare forskning på brukartilfredsheit har vore konsentrert om kommunenivået; i tillegg var ei målsetting med rammeplanen å gjera barnehagetilbodet likare for heile landet. Me nytta SSBs kategorisering av kommunestorleik: *Under 2 000 innbyggjarar, 2 000–4 999 innbyggjarar, 5 000–9 999 innbyggjarar, 10 000–19 999 innbyggjarar, 20 000–49 999 innbyggjarar og over 50 000 innbyggjarar*. Her har fleire funn tyda på meir tilfredse foreldre i mindre kommunar. Monkerud og Sørensen (2010) nytta Innbyggjarundersøkinga kopla til Kommunedatabasen til å undersøka korleis tilfredsheit med kommunale velferdstenester varierer med kommunestorleik og andre kommunekjenneteikn. Dei fann at kommunestorleik var negativt korrelert med generell tilfredsheit med barnehage, noko som indikerer at trekk ved små kommunar kan verka positivt inn på barnehagekvaliteten, men denne samanhengen var ikkje statistisk signifikant i modellar som kontrollerte for kommunale frie inntekter. Christensen og Midtbø (2017: 24) har skrive om korleis me på ei side kan sjå føre oss ein direkte samanheng mellom kommunestorleik og tenestetilfredsheit, kor mindre forhold med betre oversikt og større nærleik fører til meir tilfredse borgarar. På ei anna side kan samanhengen vera meir indirekte, der leiinga i små kommunar i større grad kan påverka tilgjengelegheita, utforminga og styringa av velferdstenestene, som vidare påverkar tilfredsheita. Forfattarane fann at kommunestorleik hadde eit robust samband med

barnehagetilfredsheit, også når dei kontrollerte for variablar på kommunenivå, men vidare at kommunestorleik var negativt korrelert med meir objektive kvalitetsmål for velferdstenestene. Konklusjonen vart då at innbyggjarar i småkommunar er tilfredse med tenestene utan å ha spesiell grunn til å vere det, noko som gav støtte til eit nærleiksargument (Christensen & Midtbø, 2017). Christensen (2020) har vidare trekt fram at skilnader i tilfredsheit mellom store og små kommunar kan vera knytt til skilnader i befolkningssamansetting meir enn til kommunestorleiken i seg sjølv, noko som gjer det metodisk utfordrande å isolera faktorane på kommunenivå som påverkar tilfredsheit på individnivå; ei føreslått løysing er å bruka data som ikkje berre koplar individet til kommunen, men også til tenestetilbydaren, slik som me har mogelegheit til med foreldreundersøkinga og BASIL.

Til slutt vil me undersøka om barnehagetilfredsheita varierer med landsdel, operasjonalisert som *Sørlandet*, *Vestlandet*, *Austlandet*, *Trøndelag* og *Nord-Noreg*. Her fann Gjerustad m.fl (2020) små skilnader mellom landsdelane, men at barnehagane på Sørlandet hadde dei marginalt mest fornøgde foreldra. Her kan fleire av dei same mekanismane vera gjeldande som for kommunestorleik: Ulikskap i tilbod og valfridom mellom sentrale og rurale strok kan ha samband med tilfredsheita.

Tabell 2a og 2b syner fordelinga på dei ulike barnehage- og kommunevariablane. Statistikken er rekna frå analyseutvalet, han syner kva typar barnehagar og kommunar som har vore med i FUBA over dei ulike åra. Me ser at fordelinga varierer noko, til dømes utgjer barnehagar eigd av aksjeselskap 24,5 % av totalen i 2016 og 32,6 % av totalen i 2019. Når me gjennomfører ein kjikvadrattest på barnehage- og kommunevariablane, finn me at variasjonen mellom undersøkingsåra i delen minoritetsspråklege barn, profil, opningstid, kostpengar, personaltettleik og utdanninga til dei tilsette med 95 % sikkerheit ikkje er tilfeldig. Me kan ikkje utelukka at denne endringa i komposisjon kan ha påverka resultatata frå analysar av desse variablane.

3.2. Metode

I modellane som undersøker samanhengane mellom implementeringa av ny rammeplan og foreldretilfredsheit med ulike barnehageaspekt, nyttar me bivariat OLS-regresjonsanalyse med tilfredsheit som avhengig variabel og reformvariabelen som uavhengig variabel. Resultata er framstilt grafisk i figur 1, med regresjonskoeffisientar i appendiks (tabell A.1).

Tabell 1: Deskriptiv statistikk, tilfredsheitsvariablar (gjennomsnitt og standardavvik, sortert etter totalskår)

	2016	2017	2018	2019	Total
Bidrar til sosial utvikling	92,8 (15,3)	92,5 (15,6)	92,8 (15,3)	93,0 (15,2)	92,8 (15,4)
Allsidig leik og aktivitet	92,5 (15,6)	92,2 (16,0)	92,6 (15,5)	92,9 (15,4)	92,6 (15,6)
Tilvenningsperiode	87,8 (20,2)	87,7 (20,4)	88,0 (20,0)	88,2 (19,9)	88,0 (20,1)
Total tilfredsheit	87,6 (17,1)	87,4 (17,3)	87,5 (17,1)	87,7 (17,3)	87,5 (17,2)
Førebuing til skule	83,3 (20,2)	82,7 (20,6)	83,0 (20,4)	83,3 (20,5)	83,1 (20,4)
Sikra foreldres medverknad	81,7 (23,0)	81,9 (22,9)	82,3 (22,8)	83,0 (22,8)	82,3 (22,9)
Leiker og utstyr	78,2 (19,6)	78,3 (19,5)	78,8 (19,4)	79,2 (19,4)	78,7 (19,5)
Barnet får påverka	76,5 (23,6)	77,6 (23,6)	78,5 (23,3)	79,4 (23,3)	78,2 (23,5)
Barnehagens uteareal	77,7 (21,7)	77,4 (21,7)	77,6 (21,6)	77,7 (21,6)	77,6 (21,6)
Hygienen i barnehagen	77,6 (21,0)	77,2 (21,1)	77,6 (20,9)	77,8 (21,1)	77,6 (21,0)
Barnehagens lokale	76,4 (21,4)	76,5 (21,3)	76,6 (21,3)	76,6 (21,4)	76,5 (21,3)

Tabell 2a: Deskriptiv statistikk, barnehagevariablar. Prosent.

		2016	2017	2018	2019	Total
	Registrerte barn	282645	281436	278604	275801	1118486
	Foreldrerespondentar	85779	105447	127203	124471	442900
	Representasjon (%)	30,3	37,5	45,7	45,1	39,6
Storleik	Liten	34,1	31,7	31,8	33,2	32,6
	Mellomstor	48,1	49,5	49,4	48,2	48,8
	Stor	17,8	18,8	18,9	18,6	18,6
	Sum barnehagar	2236	2653	3164	3062	11115
Minoritetsspråklege barn*	Under 11 prosent	37,3	36,3	34,1	31,8	34,6
	11 prosent eller meir	62,7	63,7	65,9	68,2	65,4
	Sum barnehagar	2236	2653	3164	3062	11115
Profil*	Ingen profil	71,7	74,2	73,7	74,4	73,6
	Gard/Miljø/Natur	10,2	8,8	9,1	9,3	9,3
	Steiner/Montessori/Reggio Emilia	6,7	5,9	4,7	4,3	5,3
	Tru/livssyn	3,5	3,4	4,2	4,2	3,9
	Språk	1,3	1,0	0,9	0,7	1,0
	Kultur/kunst/musikk	2,6	2,5	2,2	2,3	2,4
	Idrett	1,2	1,6	1,6	1,7	1,5
	Annan profil	3,0	2,8	3,5	3,2	3,2
	Sum barnehagar	2234	2650	3164	3062	11110
Eigarform	Anna eigarform	5,0	4,3	3,6	4,3	4,3
	Aksjeselskap	24,5	32,6	31,0	32,6	30,5
	Stifting	6,2	5,7	5,1	5,1	5,4
	Samvirkeføretak	11,0	10,5	9,9	10,0	10,3
	Enkelpersonsføretak	2,8	2,2	1,6	1,5	2,0
	Kommunal eigar	50,5	44,7	48,8	46,5	47,5
	Sum barnehagar	2234	2650	3164	3062	11110

Organisering	Avdeling	82,3	82,7	83,4	84,8	83,4
	Base	10,6	10,4	9,9	8,6	9,8
	Éin avdeling	7,1	6,9	6,7	6,6	6,8
	Sum barnehagar	2143	2577	3085	2998	10803
Opningstid*	Under 10 timar	68,7	63,0	60,5	60,1	62,6
	10 timar eller meir	31,3	37,1	39,5	39,9	37,4
	Sum barnehagar	2236	2653	3164	3062	11115
Kostpengar*	200 kr eller mindre	26,3	21,9	18,8	18,6	21,0
	201–399 kr	59,0	61,4	61,7	60,6	60,8
	400 kr eller meir	14,7	16,6	19,5	20,8	18,2
	Sum barnehagar	2236	2653	3164	3062	11115
Personaltettleik*	Under 4 barn/vaksen	70,2	68,9	80,3	88,3	77,7
	4 eller meir barn/vaksen	29,8	31,1	19,7	11,7	22,3
	Sum barnehagar	2236	2653	3164	3062	11115
Tilsette med barnehagelærer-utdanning*	Under 30 prosent	23,3	21,4	20,1	18,6	20,6
	30 prosent eller meir	76,7	78,6	79,9	81,5	79,4
	Sum barnehagar	2236	2653	3164	3062	11115

Tabell 2b: Deskriptiv statistikk, kommunevariablar. Prosent.

		2016	2017	2018	2019	Totalt
Landsdel	Sørlandet	7,5	7,5	7,6	7,5	7,5
	Vestlandet	30,1	30,2	30,6	30,2	30,2
	Austlandet	32,8	32,4	32,3	32,2	32,4
	Trøndelag	11,0	11,0	10,9	10,8	10,9
	Nord-Noreg	18,7	19,0	18,7	19,1	18,9
	Sum kommunar	402	401	396	398	1597
Innbyggjartal	Under 2 000 innb.	22,0	22,1	22,5	22,5	22,2
	2 000–4 999 innb.	29,8	30,0	28,8	28,6	29,3
	5 000–9 999 innb.	21,0	20,8	20,9	21,4	21,0
	10 000–19 999 innb.	13,6	13,5	13,3	13,0	13,3
	20 000–49 999 innb.	9,9	9,6	10,5	10,5	10,1
	50 000 eller flere innb.	3,8	4,1	4,1	4,1	4,0
	Sum kommunar	396	394	392	392	1574

I modellane som undersøker korleis trekk ved barnehagar heng saman med endring i total foreldretilfredsheit, nyttar me fleirnivåanalyse, der me føreset ein hierarkisk klyngestruktur på datamaterialet, med foreldre gruppert i barnehagar og vidare i kommunar. Fleirnivåanalyse er mykje nytta innan utdanningsforskning, sidan modellane korrigerer for autokorrelasjon mellom individ i dei enkelte barnehagane og kommunane. To foreldre frå same barnehage eller kommune er ikkje uavhengige kvarandre, me går ut frå at det er likskapar i korleis dei vurderer tilbodet samanlikna med to tilfeldig trekte foreldre frå populasjonen. Dette bryt med ein av føresetnadane for standard regresjonsmodellar. Fleirnivåmodellar tek høgde for dette og gjev også meir presise estimat av regresjonskoeffisientane for variablane på barnehage- og kommunenivå (Mehmetoglu & Jakobsen, 2016; Ringdal & Wiborg, 2017). Her er me først interesserte i korleis variansen fordeler seg mellom dei tre nivåa. Føremålet er, grovt sagt, å undersøka om implementeringa av ny rammeplan er forbunde med større eller mindre ulikskap i tilfredsheit mellom barnehagar og mellom kommunar. Me genererer då «tomme» modellar utan uavhengige variablar for kvart survey-år. Individuelle respondentar er nivå éin, barnehagar er nivå to og kommunar nivå tre. Me estimerer intraklassekorrelasjonen i desse modellane for å finne den prosentvise fordelinga av varians. Resultatet av denne analysen er framstilt i tabell 4.

I dei neste modellane inkluderer me uavhengige variablar: multiplikative samspel mellom den dikotome reformvariabelen og barnehagekarakteristikkane lista over. På denne måten får me fram om sambandet mellom reform-variabelen og foreldretilfredsheit varierer mellom ulike typar barnehagar og kommunar, altså om reformen har ulik «effekt» på foreldretilfredsheiten i ulike


typer barnehagar. Me kan ikkje snakka om effekt i kausal forstand sidan, som nemnd ovanfor, alle barnehagar og kommunar implementerte rammeplanen samstundes. Me har ikkje ei «kontrollgruppe» med barnehagar på gamal rammeplan som me kan samanlikne med ei «tiltaksgruppe» med barnehagar på ny rammeplan. Som nemnt kan det også stillast spørsmål ved om implementeringa er godt fanga opp av ein dikotom reformvariabel. Som dei andre arbeidspakkane i evalueringa har trekt fram, inneber implementeringa av ny rammeplan for mange barnehagar ei vidareføring av eksisterande pedagogisk praksis, og eventuelle endringar i tilbodet med betyding for foreldrevurderingane kan ha blitt implementert gradvis både før og etter 2017 (Homme, Danielsen & Ludvigsen, 2020). Resultata frå desse samspelsmodellane er framstilt grafisk i figur 3–13; koeffisientane er tilgjengelege i tabell A.3–A.13 i appendikset. I appendikstabellane syner regresjonskoeffisientane kor mange prosentpoeng den avhengige tilfredsheitsvariabelen endrar seg med éi endring i dei uavhengige variablane (trekk ved barnehagen og før/etter implementering), og om me kan generalisera denne endringa til populasjonen. Koeffisientane til samspelsvariablane syner om «effekten» av ein barnehage- eller kommunevariabel på tilfredsheita er ulik før og etter implementeringa av rammeplanen. Tabellane syner også estimata frå regresjonar kor me nytta 2017 og 2018 som innfasingsår og berre samanlikna 2016 med 2019.

4. Resultat

4.1. Tilfredsheitsdimensjonar, bivariat analyse

Den deskriptive statistikken i tabell 1 syner at gjennomsnittskåren for alle tilfredsheitsvariablane er svært høg. Variablane for sosial utvikling og allsidig leik og aktivitet er dei som skårar høgast i gjennomsnitt, medan variablane for hygiene og lokale skårar lågast. Koeffisientplottet i figur 1 syner om desse variablane endrar seg signifikant etter innføringa av ny rammeplan. Den vertikale streken markerer skiljet mellom positive og negative korrelasjonar, og den horisontale x-aksen syner den estimerte endringa i tilfredsheit i prosentpoeng. Plott på høgresida av streken syner ei positiv endring etter implementeringa, plott på venstresida syner nedgang i tilfredsheit. Til kvart plott er det hefta ein horisontal strek som syner eit 95 % konfidensintervall. Dersom dette overlappar med den vertikale streken, tyder det at me ikkje kan utelukka at koeffisienten har verdien 0. Då er ikkje endringa statistisk signifikant, og me kan ikkje generalisera funnet frå utvalet til heile populasjonen av norske foreldre.

Regresjonsanalysane av tilfredsheitsvariablane syner at konfidensintervalla for variablane som måler overgangar, sosial utvikling og allsidig leik og aktivitet overlappar null; endringane her er svært små og ikkje statistisk signifikante. Det er statistisk signifikante endringar etter implementeringa på dei to variablane som måler medverknad, men med låge estimat; oppfatninga av at barn og foreldre får påverka har auka med høvesvis to og eitt prosentpoeng. Med eit stort utval på over 400 000 respondentar kan ein forventast at små skilnader blir statistisk signifikante; det er meir interessant om skilnadane er substansielt interessante. Rørslene til medverknadsvariablane er til dels i samsvar med funn frå dei andre arbeidspakkane; både kommunalt tilsette og barnehagestyrarar har trekt fram at den nye rammeplanen legg vekt på barns medverknad. Likevel er endringane så små at me ikkje kan hevda ei substansiell samanheng mellom implementeringa av den nye rammeplanen og foreldre sine opplevingar av medverknad. Analysane av variablane som me vurderte å vera upåverka av ny rammeplan, syner mykje dei same mønstra: dei signifikante endringane er på under eitt prosentpoeng (sjå appendiks, tabell A.1 og figur A.1).

Figur 1: Koeffisientplott, tilfredsheitsvariablar


4.2. Total tilfredsheit, fleirnivåanalyse

Me går no vidare til å sjå nærare på korleis total tilfredsheit varierer med ulike strukturelle trekk ved barnehagane. Denne variabelen korrelerer sterkt med eit gjennomsnitt av dei andre tilfredsheitsvariablane, og me går ut frå at han fangar opp den totale vurderinga til foreldre av barnehagetilbodet. Me vil i det følgjande undersøka såkalla heterogene effektar – har den totale tilfredsheita endra seg ulikt for ulike typar barnehagar? Policystudien i den første undervegsrapporten fann at standardisering og kvalitetsutjamning var mellom dei viktigaste grunngevingane for revideringa av rammeplanen (Homme, Danielsen & Ludvigsen, 2020). I det følgjande presenterer me resultatet av fleirnivåanalysar med total tilfredsheit som avhengig variabel og reformvariabelen i tillegg til ei rekkje kontekstuelle faktorar på barnehage- og kommunenivå som uavhengige. Dette er fleirnivåmodellar med foreldrerrespondentar som nivå éin og enten barnehagar eller kommunar som nivå to. Modellane inkluderer eit samspel mellom reform- og kontekstvariablane for å undersøka om ulike barnehagetypar og kommunar har opplevd ei ulik endring i foreldretilfredsheit etter implementeringa av rammeplanen. Sjølv om det vil vera interessant med eventuelle skilnader i tilfredsheit mellom barnehagetypar og kommunar, er det samspelevariabelen som er mest relevant for diskusjonen vår. Har implementeringa av rammeplanen eit ulikt samband med foreldretilfredsheit for ulike barnehagar og kommunar? Har reforma eventuelt jamna ut eller bidreg til å auka skilnader i tilfredsheit? Figurane 3 til 13 er

basert på regresjonsmodellane med samspel og syner den predikerte tilfredsheita for dei ulike kategoriane før og etter implementeringa av rammeplanen. Der figur 1 syner den estimerte endringa i tilfredsheit før og etter implementeringa, syner figurane 3 til 13 den forventa skåren (0–100) på dei ulike variablane i 2016 og 2017–19. Her er den forventa skåren før og etter implementeringa markert med høvesvis ein blå trekant og ein raud sirkel, med tilhøyrande 95 % konfidensintervall. Dersom intervalla med same farge og symbol overlappar, er ikkje skilnadane mellom kategoriar statistisk signifikante. Dersom intervalla med ulik farge og symbol overlappar, er ikkje skilnadane mellom undersøkingsår statistisk signifikante. Alle prediksjonsplotta i resultatkapittelet følgjer same oppskrifta.

Figur 2 syner fordelinga av variabelen for total tilfredsheit som me nyttar i dei multivariate regresjonsanalysane. Skåren er jamt over svært høg; delen foreldre som seier seg ganske eller svært fornøgd med barnehagen er over 90 prosent alle fire åra. Dei stabile tala i denne deskriptive statistikken gjev oss ein indikasjon på at det er lite sannsynleg at implementeringa av rammeplanen har eit samband med auke eller nedgang i den totale tilfredsheita. Tabell 4 syner den estimerte intraklassekorrelasjonen i ein tom modell, altså kor stor del av den samla variasjonen i total tilfredsheit som er lokalisert mellom individ, mellom barnehagar og mellom kommunar. Eit teikn på at rammeplanen har jamna ut kvaliteten mellom barnehagar og kommunar, vil vera at ein mindre del av tilfredsheita varierer mellom barnehagar og kommunar etter implementeringa. I tabellen ser me at storparten av variasjonen, 88–89 prosent, er på individnivå, og kan då forklarast av ulikskapar mellom foreldre. Ca. 11 prosent av variasjonen er mellom barnehagar, medan under éin prosent er mellom kommunar, noko som syner at det kan vera nyttig å undersøka skilnader i foreldretilfredsheit mellom barnehagar, medan trekk ved kommunen spelar ei mindre rolle. Denne fordelinga er ganske lik over dei fire åra me undersøkjer, og det er dimed ikkje grunnlag for å seia at implementeringa av rammeplanen har gjort faktorar på barnehage- og kommunenivå mindre viktig for den gjennomsnittlege foreldretilfredsheita.


Figur 2: Total tilfredsheit med barnehagetilbodet, prosent



Tabell 3: Variansfordeling, total tilfredsheit, prosent


	2016	2017	2018	2019
Individ	88,0	88,6	88,7	89,0
Barnehage	11,4	11,0	10,9	10,6
Kommune	0,6	0,4	0,4	0,4

Den første variabelen på barnehagenivå handlar om barnehagens storleik. Her ser me at foreldre med barn i store barnehagar har ein tilfredsheitsskår på ca. 87, medan foreldre med barn i små barnehagar (under 40 barn) har ein skår på ca. 89 – ein statistisk signifikant skilnad på litt under to prosentpoeng. Figur 3 syner at konfidensintervalla til før- og etter-plotta overlappar, altså er den forventa foreldretilfredsheita ganske lik før og etter implementeringa av den nye rammeplanen for alle barnehagestorleikane.

Figur 3: Prediksjonsplott, total tilfredsheit og barnehagestorleik


Me ser vidare på korleis tilfredsheit varierer mellom barnehagar med høg og låg prosentdel barn med minoritetsspråk. Figur 4 syner ein statistisk signifikant skilnad på ca. eit halvt prosentpoeng mellom barnehagar med over og under 11 prosent minoritetsspråklege barn (88,3 vs. 87,8). Denne skilnaden endrar seg ikkje signifikant før og etter implementeringa av ny rammeplan.

Figur 4: Prediksjonsplott, total tilfredsheit og del minoritetsspråklege barn




Barnehagar med ulike profilar syner stort sett overlappende tilfredsheitsvurderingar. Unnataket er trus- eller livssynbarnehagar og gards-, miljø- og friluftsbarnhagar, som har høvesvis to og eitt prosentpoeng meir fornøgde foreldre enn barnehagar utan profil. Før- og etter-plotta overlappar for alle profilane, altså vert ikkje skilnadane mellom profilar signifikant endra etter implementeringa av ny rammeplan.

Figur 5: Prediksjonsplott, total tilfredsheit og barnehageprofil




Når det gjeld eigarform, finn me at dei kommunalt eigde barnehagane har signifikant lågare forventa foreldretilfredsheit enn alle andre eigarformar. Dei kommunale barnehagane er forventa å ha ca. to prosentpoeng mindre tilfredse foreldre enn barnehagar eigde av aksjeselskap, og fem prosentpoeng lågare tilfredsheit enn dei andre eigarformene. Ingen av eigarformene opplevde ei signifikant endring i tilfredsheit etter implementeringa, men me ser ei lita, men signifikant auke i skilnaden mellom kommunale barnehagar og to av dei private eigarformene etter implementeringa: Samvirkeføretak aukar skilnaden med eit halvt prosentpoeng, medan enkeltpersonføretak aukar skilnaden med nærare to prosentpoeng.

Figur 6: Prediksjonsplott, total tilfredsheit og barnehagens eigarform




Figur 7 syner at før-plotta, men ikkje etter-plotta, overlappar. Altså oppstår ein statistisk signifikant skilnad mellom avdelingsbarnehagar og barnehagar med éi avdeling etter implementeringa, kor foreldra i sistnemnde er eitt prosentpoeng meir fornøgde.

Figur 7: Prediksjonsplott, total tilfredsheit og organiseringa av barnehagegruppene




Tidlegare forskning har trekt fram samanhengen mellom opningstider og tilfredsheit, men i vår studie har barnehagar med kort og lang opningstid, over og under 10 timar, ingen signifikante skilnader i foreldretilfredsheit, verken under gamal eller ny rammeplan.

Figur 8: Prediksjonsplott, total tilfredsheit og opningstid




Figur 9 syner at kostpengar er signifikant assosiert med total tilfredsheit: Foreldra som betalar under 200 kr kostpengar er forventa å vera minst tilfredse før implementeringa, med 0,6 og 1,5 prosentpoeng lågare forventa tilfredsheit enn foreldra i dei to andre kategoriane. Me ser at alle etter-plotta ligg lågare enn før-plotta, og skilnaden mellom foreldra i dei to lågaste kategoriane aukar signifikant med 0,5 prosentpoeng etter implementeringa. Som Trætteberg og Fladmoe (2020) er inne på, kan ekstra kostpris på den eine sida medføra at kvaliteten på maten er høgare, men at dersom kostprisen aukar for mykje, kan det bidra til å skapa forventingar som ikkje kan verta innfridd.

Figur 9: Prediksjonsplott, total tilfredsheit og kostpengar




Bemanning har eit svakt, men signifikant samband med total tilfredsheit; i barnehagar med fire eller fleire barn per tilsett, målt i årsverk, er dei forventa å ha 0,4 prosentpoeng mindre tilfredse foreldre. Denne samanhengen er ikkje skipla av ny rammeplan.

Figur 10: Prediksjonsplott, total tilfredsheit og bemanning




Figur 11 syner at også prosentdelen tilsette med barnehagelærerutdanning har eit svakt, signifikant samband med tilfredsheit: I barnehagar kor 30 prosent eller meir av dei tilsette har denne utdanninga, er foreldra forventa å vera eit halvt prosentpoeng meir tilfredse. Implementeringa av rammeplanen er ikkje signifikant forbunde med dette skiljet.

Figur 11: Prediksjonsplott, total tilfredsheit og del tilsette med barnehagelærerutdanning




Dei neste modellane ser på trekk ved kommunar. Først indikerer figur 12 ein kurvelineær samanheng mellom kommunestorleik og barnehagetilfredsheit; foreldre i kommunar med mellom 10 000 og 19 999 innbyggjarar er dei mest fornøgde, signifikant meir tilfredse enn foreldre i kommunar med under 2000 innbyggjarar. Skilnaden på ca. fem prosentpoeng ikkje er forandra av rammeplanimplementeringa.

Figur 12: Prediksjonsplott, total tilfredsheit og kommunestorleik (SSB-klassifisering)



Til slutt ser me at barnehageforeldra busett på Sørlandet er dei signifikant mest tilfredse, med mellom to og seks prosentpoengs skilnad til dei andre landsdelane, der foreldre frå Nord-Noreg har lågast forventa tilfredsheit. Med unntak av foreldra frå Austlandet, vert skilnadane mellom landsdelane mindre etter implementeringa av rammeplanen – minkinga er lita, men signifikant.

Figur 13: Prediksjonsplott, total tilfredsheit og landsdel



5. Diskusjon og oppsummering

Denne rapporten har hatt som føremål å undersøkje om kvaliteten i barnehagane, slik han er opplevd av foreldre, har endra seg etter implementeringa av rammeplanen. Me har vore interessert i skilnader mellom ulike tilfredsheitsdimensjonar og mellom ulike kommunar og barnehagetypar.

Det generelle inntrykket er, som venta, at foreldre i norske barnehagar er svært fornøgd med tenesta. Dei gode vurderingane er gjennomgåande. For alle dimensjonane ligg den gjennomsnittlege tilfredsheita på over 70 prosent både før og etter implementeringa av rammeplanen. Tilfredsheita med barn og vaksnes medverknad endrar seg signifikant etter implementeringa, men dei substansielle endringane er på eitt til to prosentpoeng. Med så små effektstorleikar er det også vanskeleg å tolka desse resultatata som at den opplevde medverknaden er endra med ny rammeplan. Analysane av variablar som me reknar med at implementeringa ikkje skal ha påverka, gjev liknande resultat. Dette kan tyda på at verken endring eller kontinuitet i dei relevante variablane er knytt til implementeringa av ny rammeplan. Norske foreldre vurderer dei fleste delar av barnehagetilbodet relativt likt frå år til år.

I fleirnivåanalysar av total tilfredsheit med barnehagetilbodet ser me lite forandring i fordelinga av varians mellom foreldre, barnehagar og kommunar. I alle fire undersøkingsåra kan storparten av variasjonen i total tilfredsheit – ca. 90 prosent – forklarast med skilnader mellom foreldre. Dersom me godtek foreldretilfredsheit som eit kvalitetsmål, gjev desse analysane dimed lite støtte til ei hypotese om at den nye rammeplanen har jamna ut kvaliteten i tenestetilbodet ved å gjere faktorar på barnehage- og kommunenivå mindre viktige. Me har funne at nokre trekk ved barnehagar og kommunar korrelerer med den totale tilfredsheita til foreldra, og at dette sambandet vidare endrar seg etter implementeringa av rammeplanen. Altså er skilnadane mellom barnehagar og kommunar samla sett stabile, men forskjellige faktorar på dei tre nivåa kan ha endra forklaringskraft. Skilnadane i tilfredsheit mellom små, mellomstore og store barnehagar aukar etter reforma, dei største barnehagane syner lågare tilfredsheit, men estimata er for små til at me kan koma med ei substansiell tolking. Skilnadane mellom offentlege og private barnehagar er større og aukar meir – i dei kommunale barnehagane sin disfavour. Éi tolking er at offentlege barnehagar vert sett på som tettare kopla til implementeringa av ny rammeplan, og at forventingane difor aukar – og den opplevde tilfredsheita minkar. Ei anna tolking er at det er andre faktorar enn rammeplanen som driv skilnadane i tilfredsheit mellom offentlege og private tenester. Vidare forskning bør freista å finna desse faktorane. Kan skilnader i kostpengar vera ein del av svaret? Analysane våre får i alle høve fram at kostpengar har eit positivt samband med foreldretilfredsheit, og at skilnadane i tilfredsheit mellom foreldre som betalar mykje og lite, aukar. Sørlandet har hatt dei mest tilfredse foreldra, men skilnadane mellom landsdelar har minka. Alle skilnadane og endringane mellom barnehage- og kommunekategoriar er små – ingen er over seks prosentpoeng. Analysane gjev oss dimed ikkje grunnlag til å hevda at implementeringa av ny rammeplan i 2017 har ført med seg systematiske, substansielle skilnader i foreldrevurderingar mellom ulike norske barnehagar.

Som me har greia ut om over, heftar det ein del utfordringar med å tolka brukarundersøkingar som eit mål på kvalitet. Sjølv om foreldre kan ha avgrensa innsyn i barnehagepraksisen, kan eigenrapportert tilfredsheit fortelja oss noko om forventingar og haldningar til velferdstenester som til dømes analyser av registerdata ikkje kan. Innbyggjarar kan påverka politikk på det me kan

kalla *inntakssida*, gjennom politiske val og engasjement i parti, utval og interesseorganisasjonar, men også på *utfallsida*, altså i relasjon til den utøvde politikken, dei faktiske tenestene dei møter i kvardagen (Christensen m. fl., 2017). Undersøkingane er med det ein legitim kanal kor foreldre har mogelegheita til å uttrykkja seg om tilbodet og dimed også delta demokratisk.

Rammeplanen vart gjeldande i alle barnehagane i Noreg i august 2017. Det er difor vanskeleg å forfølgja ei kontrafaktisk problemstilling der me spør kva som ville skjedd med foreldretilfredsheita frå 2016 til 2019 under gamal rammeplan; til det manglar me ei kontrollgruppe som kan samanliknast med ei tiltaksgruppe. Foreldreundersøkingane kan heller ikkje koplast på individnivå, så me kan ikkje følgja ikkje dei same respondentane over tid og estimere endringar i tilfredsheit hjå individuelle foreldre. Me har med andre ord repeterte tverrsnitt som gjev oss augneblinksbilete av situasjonen i norske barnehagar, og estimerte endringar frå gamal til ny rammeplan skildrar berre om foreldrevurderingane i 2016 i gjennomsnitt er forskjellige frå vurderingane i 2017, 2018 og 2019. Me har ikkje høve til å seia om desse endringane er ein verknad av implementeringa, av andre strukturelle tiltak i barnehagesektoren eller om komposisjonen av foreldrerespondentar har spela inn. Det er difor ikkje mogeleg å dra slutningar om årsaksforhold mellom implementering og tilfredsheit, men analysane har ei stor styrke i at brukarundersøkingane på individnivå kan koplast til rike data på institusjonsnivå via BASIL-registeret, og at me dimed kan gjera grundige undersøkingar av endringar på tvers av barnehagetypar.

6. Referansar

- Andersen, S. C., & Hjortskov, M. (2016). Cognitive Biases in Performance Evaluations. *Journal of Public Administration Research and Theory*, 26(4), 647–662.
<https://doi.org/10.1093/jopart/muv036>
- Bouckaert, G., & Walle, S. van de. (2003). Comparing Measures of Citizen Trust and User Satisfaction as Indicators of 'Good Governance': Difficulties in Linking Trust and Satisfaction Indicators. *International Review of Administrative Sciences*, 69(3), 329–343.
<https://doi.org/10.1177/0020852303693003>
- Bratterud, Å., Sandseter, E. B. H., & Seland, M. (2012). *Barns trivsel og medvirkning i barnehagen: Barn, foreldre og ansattes perspektiver*. NTNU samfunnsforskning, Barnevernets utviklingssenter.
- Børhaug, K., & Lotsberg, D. Ø. (2012). Institusjonelle betingelser for konkurranse mellom offentlige og private tjenesteytere i barnehagesektoren. *Nordiske Organisasjonsstudier*, 14(2), 27–48.
- Charbonneau, É., & Van Ryzin, G. G. (2012). Performance Measures and Parental Satisfaction With New York City Schools. *The American Review of Public Administration*, 42(1), 54–65.
<https://doi.org/10.1177/0275074010397333>
- Christensen, D. A. (2020). Kommunestørrelse og tjenestetilfredshet. *Stat & Styring*, 30(01), 14–18.
- Christensen, D. A., & Lindén, T. S. (2017). Brukertilfredshet med private og offentlige sykehjem og barnehager. I D. A. Christensen, T. S. Lindén, B. Ytre-Arne, & J. Aars, *Tjenestedemokratiet: Velferdsstaten som arena for deltakelse* (pp. 105–124). Universitetsforlaget.
- Christensen, D. A., & Midtbø, T. (2017). Kommuner, kommunestørrelse og tilfredshet med velferdsstatens tjenester. I D. A. Christensen, T. S. Lindén, B. Ytre-Arne, & J. Aars, *Tjenestedemokratiet: Velferdsstaten som arena for deltakelse* (pp. 24–39). Universitetsforlaget.
- Christensen, D. A., Lindén, T. S., Ytre-Arne, B., & Aars, J. (2017). Tjenestedemokratiet. I D. A. Christensen, T. S. Lindén, B. Ytre-Arne, & J. Aars, *Tjenestedemokratiet: Velferdsstaten som arena for deltakelse* (pp. 11–21). Universitetsforlaget.
- Direktoratet for forvaltning og IKT. (2017). *Innbyggerundersøkelsen 2017: Hva mener brukerne?* (Difi-rapport 2017:7).
- Eide, H. M.K. & Homme, A. (2019) «Jo flere vi er sammen ...» *En undersøkelse av organisering og arbeidsdeling i åtte barnehager med økt andel pedagoger*. Rapport 15-2019 NORCE Samfunnsforskning. <http://hdl.handle.net/11250/2621220>
- Gjerustad, C., Opheim, V., Hjetland, H. N., Rogde, K., Bergene, A. C., & Gulbrandsen, L. (2020). *Trivsel, læring og utvikling i barnehagen* (NIFU-rapport 2020:10).
<https://hdl.handle.net/11250/2650397>
- Hirschman, A. O. (1970). *Exit, voice, and loyalty: Responses to decline in firms, organizations, and states*. Harvard University Press.
- Homme, A., Danielsen, H. & Ludvigsen, K. (red.) (2020). *Implementering av rammeplan for barnehagen: Underveisrapport fra prosjektet Evaluering av implementering av rammeplan for barnehagen*. Rapport 2020 NORCE Samfunnsforskning.
<https://hdl.handle.net/11250/2736721>

- Jensen, G. O. (2016). *Penger og kvalitet i barnehagen: En kvantitativ undersøkelse av ressursbruk, kvalitetsindikatorer og innbyggertilfredshet i norske barnehager*. Handelshøjskolen i København.
- Johansen, K. T. (2020). *Nasjonal foreldreundersøkelse—Eventyret om Keiserens nye klær*. <https://www.barnehage.no/a/142940>
- Larsen, A. K., & Slåtten, M. V. (2020). Styrerblick på foreldreundersøkelser i barnehagen. *Utbildning & Lärande*, 14(1), 20.
- Lindén, T. S., Fladmoe, A., & Christensen, D. A. (2017). Does the Type of Service Provider Affect User Satisfaction? Public, For-Profit and Nonprofit Kindergartens, Schools and Nursing Homes in Norway. I K. H. Sivesind & J. Saglie (Red.), *Promoting Active Citizenship: Markets and Choice in Scandinavian Welfare* (pp. 261–284). Springer International Publishing. https://doi.org/10.1007/978-3-319-55381-8_7
- Mehmetoglu, M., & Jakobsen, T. G. (2016). *Applied statistics using Stata: A guide for the social sciences*. Sage.
- Monkerud, L. C., & Sørensen, R. J. (2010). Smått og godt? Kommunestørrelse, ressurser og tilfredshet med det kommunale tjenestetilbudet. *Norsk Statsvitenskapelig Tidsskrift*, 26(04), 265–295.
- Opinion. (2018). *Frafallsanalyse gjennomført for Utdanningsdirektoratet*. <https://www.udir.no/contentassets/2401878b820449a698129ac191dec104/frafallsanalyse-nov-2018-opinion.pdf>
- Ringdal, K., & Wiborg, Ø. (2017). *Lær deg Stata: Innføring i statistisk dataanalyse*. Fagbokforlaget.
- Schaffer, B. B., & Wen-hsien, H. (1975). Distribution and the Theory of Access. *Development and Change*, 6(2), 13–36. <https://doi.org/10.1111/j.1467-7660.1975.tb00674.x>
- Trætteberg, H. S., & Fladmoe, A. (2020). Quality Differences of Public, For-Profit and Nonprofit Providers in Scandinavian Welfare? User Satisfaction in Kindergartens. *VOLUNTAS: International Journal of Voluntary and Nonprofit Organizations*, 31(1), 153–167. <https://doi.org/10.1007/s11266-019-00169-6>
- Utdanningsdirektoratet. (2017). Rammeplan for barnehagen. <https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-bokmal2017.pdf> (Henta 11.12.2020).
- Utdanningsdirektoratet. (2020). *Resultater fra foreldreundersøkelsen i barnehagen*. <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-barnehage/resultater-fra-foreldreundersokelsen-2019/>
- Walle, S. V. de. (2018). Explaining Citizen Satisfaction and Dissatisfaction with Public Services. I *The Palgrave Handbook of Public Administration and Management in Europe* (pp. 227–241). Palgrave Macmillan, London. https://doi.org/10.1057/978-1-137-55269-3_11
- Wolf, K. D. (2018). Stakeholders' opinions of quality in Norwegian kindergartens. *Early Years*, 1–17. <https://doi.org/10.1080/09575146.2018.1547686>
- Østrem, S., Bjar, H., Føsker, L. I. R., Hogsnes, H. D., Jansen, T. T., Nordtømme, S., & Tholin, K. R. (2009). *Alle teller mer: En evaluering av hvordan Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver blir innført, brukt og erfart*. Rapport 1/2009 Høgskolen i Vestfold.